

# Utmarksbeite - kvalitet og kapasitet

Av Yngve Rekdal

Utmarksbeite er eit viktig grunnlag for norsk landbruk. I alt blir 2 millionar sau, 230 000 storfe og 60 000 geit sleppt i utmark. Til saman blir det hausta fôr til ein verdi av nesten 1 milliard kroner kvart år. Om lag 40 prosent av norske gardsbruk i drift slepper dyr i utmark. Bruk av utmarka er utnytting av lokale, fornybare ressursar, det gjev høve til produksjon av lokalt særigne produkt og det er ein dyrevenleg måte å produsere kjøtt på. For å få mest muleg att for beitebruken i utmark er det viktig å ha kunnskap om ressursgrunnlaget.



Også storfe kan trekkje høgt til fjells på godversdagar. Foto: Y. Rekdal

## Store variasjonar i beitekvalitet

Beitenæringa er kanskje den største arealbrukande næringa i Noreg. Det er mange andre interessegrupper som ønskjer å vera med å bestemme korleis utmarka skal forvaltast. For beitenæringa er det viktig å ha kunnskap om ressursgrunnlaget for å synleggjera kva arealinteresser næringa har i høve til andre brukarar av utmark.

Utmarksbeite har store variasjonar i Noreg. Dette gjeld regionalt, men òg over korte avstandar lokalt. Kvaliteten på beitet ser ein att i avdråtten frå beitedyra. Same prinsippet gjeld i utmarka som i fjøset - produksjonsresultatet er avhengig av kvaliteten på føret dyra har tilgang til. Dette ser ein særleg i sauehaldet der halvparten av årsføret blir teke frå utmarka.

Det er dei gras- og urterike areala som er det beste utmarksbeitet. Slike areal finn ein helst på mark med godt med næring og vatn i jorda. Eit utmarksbeite må skjøttast skal dei gode kvalitetane takast vare på. Grasinnehaldet i vegetasjonen blir fremma av beiting og beiting hindrar tilgroing med tre og buskar. Ulike skjøtselstiltak kan ha ulik verknad etter marktype. Kunnskap om naturgrunnlaget er difor viktig skal ein få mest muleg att for dei tiltak som blir sett i verk.

## Vurdering av beitekvalitet og -kapasitet

Den einaste systematiske reiskapen vi har for å vurdere kvalitet av utmarksbeite, er ei inndeling av vegetasjonsdekket i vegetasjonstypar. Utgangspunktet for dette er at artssamansetting, planteproduksjon og

næringsinnhald i plantene innafor kvar vegetasjonstype, varierer lite frå lokalitet til lokalitet innafor eit geografisk avgrensa område. Forsking og erfaring har gjeve oss kunnskap om beiteverdien til ulike vegetasjonstypar.


Beiteverdien for den enkelte vegetasjonstype vil i første rekkje vera avhengig av produksjon av beiteplanter, næringsverdien i beiteplantene og utnyttingsgraden (kor stor del av plantemassen som blir teke opp av dyra). Dyra sitt val av beiteplanter og område vil òg vera påverka av faktorar som fordeling av vegetasjonen i høgdesoner, mangfald i vegetasjonen, beitepress, årstid, tilgjenge, vørtilhøve, høve til ly og plassering av saltsteinar.

RETURADRESSE:

Skog og landskap,  
Postboks 115,  
1431 Ås

B

NORGE



www.skogoglandskap.no, tlf: 64 94 80 00, Redaktør: Camilla Baumann, Produksjon: Svein Grønvold, Grønvolds Bildebyrå, Trykk: Follotrykk AS 2008, Opplag 3000



Vegetasjonstypen lågurteng er av det beste beitet som kan finnast i fjellet.  
Foto: Y. Rekdal



Lavheidominert landskap har lite å by husdyr, men er gode areal som vinterbeite for rein. Foto: Y. Rekdal

Verdsetting av beite blir såleis svært komplekse vurderingar som mykje må byggjast på skjønn ut frå god kunnskap om plantedekket, beitevanar og andre faktorar som er nemnt. Vegetasjonskartet vil vera ein viktig reiskap da ein her har kartfesta det botaniske grunnlaget saman med topografien. Vegetasjonskartet dokumenterer først og fremst variasjonen i beitekvalitet i eit område.

I dei fleste spørsmål kring beitebruk i utmark vil det vera behov for også å seie noko



om kor mange dyr det er plass til innafør eit gitt areal. Vegetasjonskartet gir grunnlag for ei grov vurdering av dyretal ut frå ressursgrunnlaget. Ser ein større utmarksbeiteareal under eitt kan dette dreie seg 30 til 50 sau per km<sup>2</sup> på mindre god beite, til 80 til 100 sau per km<sup>2</sup> på beite av høg kvalitet. Her er det heile tida snakk om dyretal per km<sup>2</sup> nyttbart beite da mykje utmarksareal ikkje har beiteplanter nok til å vera eigna som husdyrbeite.

Norsk institutt for skog og landskap driv

kartlegging av beite og rådgeving kring beitebruk, og skjøtsel av beite, landskap og biologisk mangfald. Fundamentet for dette arbeidet er eit standardisert system for vegetasjonskartlegging som blir bruka for heile landet.

Les meir om beite i utmark på [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no)

Kontakt forfattern:  
[Yngve.Rekdal@skogoglandskap.no](mailto:Yngve.Rekdal@skogoglandskap.no)



Grunnlaget for beitevurdering ligg i vegetasjonskartet. Frå dette kan det lagast avleia tema kring beitekvalitet for ulike dyreslag. Beiteverdien blir her vist i tre klasser og gjev eit lett tilgjengeleg kartbilete.